



Kjetil Myklebust, Egil Myhre og Frode Myklebust (frå venstre) satsa på Bøkkerverkstaden då dei skulle markera sine første 40 år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bøkkerverkstaden er på veg til å bli ein populær møteplass også for familiære arrangement. Det starta med brudlaup tidlegare i sommar og laurdag kveld fekk vi sanne at dette unike huset på Rød kan nyttast til så mangt. Det kan til dømes nyttast til kollektiv feiring av 40-årsdagar!

I dette tilfellet var 40-årsfeiringa heller original, for det var tre som markerte denne milepelen i livet samstundes. Og ikkje nok med det: Uskedalingane og kameratane Egil Myhre, Kjetil Myklebust og Frode Myklebust har fylgt kvarandre tett frå dei var små og opp gjennom livet. Dei gjekk til og med i same skuleklassa i ni år – frå 1974 til 1983!

Eigentleg var det naturleg at dei satsa på fellesfeiring av 40-årsdagen. Typisk nok kom dei også på ideen i fellesskap.

Egil er født 3. juli, Frode 20. juli og Kjetil 22. februar.

Det var 40 gjester og regnværet makta slett ikkje å leggja nokon demper på feiringa til dei tre som nesten ikkje har bodd nokon annen stad enn i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen